

**Notat**Dato: 01.03.2019  
Arkivsak: 2019/2073-3  
Saksbehandlar: chaespe

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Rapport - Den kulturelle skolesekken i 2018**

Hordaland fylkeskommune sendte 22. februar rapport til Kulturtanken på bruk av spelemidlane til Den kulturelle skolesekken i 2018.

Hordaland fylkeskommune rapporterer årleg til Kulturtanken om bruk av spelemidlane til Den kulturelle skolesekken, og er ansvarleg både for rapporteringa for tilskotet ein sjølv forvaltar og for det som vert fordelt vidare til kommunane. Bergen kommune rapporterer direkte til Kulturtanken.

Kulturtanken tildeler årleg spelemidlar til Den kulturelle skolesekken til Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. I tildelinga til Hordaland fylkeskommune er det spesifisert kor stor del av midlane som skal nyttast på tilbod til elevane i grunnskulen i heile fylket utanom Bergen, og kor stor del som skal nyttast på tilbod til elevane i vidaregåande skule i heile fylket. Av midlane som er øyremerkt tilbod til elevane i grunnskulen skal minst ein tredjedel nyttast til tilbod i regi Hordaland fylkeskommune, og minst ein tredjedel fordelast vidare til kommunane utanom Bergen. I Hordaland er det mange små kommunar med få elevar som med sin del av tredjedelen ville hatt lite midlar å nytte på lokale tilbod, derfor vert den siste tredjedelen dels nytta til eit tillegg til kvar kommune og dels nytta til å styrke Hordaland fylkeskommune sitt tilbod. Bergen kommune er ein direktekommune og har sjølv ansvar for Den kulturelle skolesekken til elevane i grunnskulen. Dei får spelemidlar til tilbod til elevane i grunnskulen direkte frå Kulturtanken.

Hordaland fylkeskommune og kommunane i Hordaland skal kvart år sende rapport til Kulturtanken på bruk av spelemidlane. Rapportering vert gjort pr. kalenderår. Hordaland fylkeskommune er ansvarleg både for rapporteringa for tilskotet ein sjølv forvaltar, og for det som vert fordelt vidare til kommunane. Bergen kommune rapporterer direkte til Kulturtanken.

Rapport for Den kulturelle skolesekken i 2018 vart sendt Kulturtanken 22. februar 2019.

## Vedlegg

1 Dksrapportering.no 2018: Hordaland fylkeskommune